



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykker ref

Vår ref

Dato

19/138-

24 JAN 2019

Spørsmål nr. 738 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Siv Mossleth til samferdselsminister Jon Georg Dale

Spørsmål:

"Posten sier at de overholder konsesjonskravene, nemlig at 85 prosent av posten skal være framme i løpet av to virkedager, etter at A- og B-post ble slått sammen. Men vi vet ikke hvordan det står til i ulike deler av Norge. Det er god grunn til å tro at posten går mye tregere i noen områder. Det er viktig å vite i hvilke områder posten sjeldent når fram innen avtalt tid. Kan ministeren sørge for at det blir lagt fram regionale tall på hvor mange prosent av posten som når fram innen to dager?"

Svar:

Posten sin konsesjon sett krav om at minst 85 prosent av innanlandsk brevpost skal være framme to dagar etter innlevering. Kravet gjeld for heile landet. Kvart kvartal får Nasjonal kommunikasjonsmyndighet målingar frå Posten som viser kor stor del av breva som kjem fram innan fristen. Målingane blir gjort av ein ekstern måleoperatør (Quotas) som årleg sender om lag 80 000 testbrev mellom regionane.

Målingane for 2018 viser at det etter overgangen til to dagars framsendingstid var forseinkingar i januar 2018 på grunn av problem i startfasen kombinert med krevjande vær, men at framsendingstida etter det har vore betre enn konsesjonskravet.

Eg har bede Posten om tal som viser regionale resultat for framsendingstida i 2018 (januar-november) samanlikna med resultata for tilsvarende periode i 2017, dvs. før omlegginga til to dagars framsendingstid fann stad.

Tala i tabellen viser for 2018 kor stor del av breva som var framme innan to dagar (D+2) i kvar region og differanse mellom region med det beste og dårligaste resultatet. Tala for 2017 viser kor stor del av breva som var framme innan ein dag (D+1) i kvar region og differanse mellom region med det beste og dårligaste resultatet. Siste lina viser endring i måloppnåing i kvar region frå 2017 til 2018. Det er ingen endring i usikkerheit (signifikans) i resultata samanlikna med tidlegare målingar. Testbreva klassifiserast etter kva region dei er adressert til.

	Aust	Sør	Vest	Midt	Nord	Differanse mellom beste og dårligaste
Resultat januar-november 2017 (D+1)	89,1 %	87,3 %	85,1 %	83,5 %	75,2 %	13,9 %
Resultat januar-november 2018 (D+2)	91,6 %	87,7 %	86,4 %	89,8 %	84,8 %	6,8 %
Endring frå 2017 til 2018	2,5 %	0,4 %	1,3 %	6,3 %	9,6 %	

Regjeringa legg vekt på å sikre eit godt og likeverdig posttilbod over heile landet, tilpassa den endra etterspørselen etter posttenester. Tala frå Posten viser at konsesjonskravet er oppfylt og at overgangen til ein felles poststraum har gjort skilnadene mellom dei ulike regionane mindre, noko eg er godt nøgd med.

Med helsing



Jon Georg Dale